



Tokke kommune
Organisasjon, arkiv og IKT

NVE Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref: Vår ref: Sakshandsamar: Arkivkode: Dato:
2014/645-6 Olav Bjørn Bakken, 35075669 19.06.2014
olav.b.bakken@tokke.kommune.no

Høyring - konsesjonssøknad, overføring av Espelidtjønn til Tokke kraftverk

Syner til søknad på høyring.

Vedlagt følger saksutgreiinga og vedtak frå førehavinga i Tokke kommunestyre i sak 14/025 den 17.juni 2014.

Med helsing

Olav Bjørn Bakken
Rådgevar


Tokke kommune

Arkiv:

Saksnr.: 2014/645-4

Sakshands.: Olav Bjørn Bakken

Direkte tlf.: 35075669

Dato: 19.05.2014

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret	14/25	17.06.2014

Vedlegg:

- 1 Kart Berglibekken
- 2 Standard konsesjonsvilkår for naturforvaltning

Høyring - konsesjonssøknad, overføring av Espelidtjønn til Tokke kraftverk
Saksdokument:

Konsesjonssøknad av mars 2014

Saksutgreiing:

Statkraft søker om å få overføre Espelidtjønn i Eidsborg til Tokke kraftverk. Sjølve søknaden er så omfattande (200 sider), at den ikkje er lagt ved saka, men kan lesast på:

<http://www.nve.no/no/Konsesjoner/Konsesjonssaker/Vannkraft/?soknad=7331&type=11>

Det var planar om å gjera dette tiltaket allereie på 60-talet, og grunneigarane har også vurdert småkraftverk for å utnytte fallet.

Den viktigaste verknaden av tiltaket blir redusert vassføring i Berglibekken som renn forbi Huvestad.

Det er gjennomført naturfaglege konsekvensvurderingar som tilseier små verknadar av tiltaket, men noko uvisst korleis fossekallen – som er registrert i bekken, vil reagere på redusert vassføring.

Konkret er det planlagt ein betongterskel i utløpet av Espelidtjønn som regulerar vasspegelen i Espelidtjønn og minstevassføring i Berglibekken, samt eit inntak i motsett ende av vatnet. Vidare vert det bora ein 170 m lang tilløpstunnell frå inntaket og ned på

den store vassvegen (tunnellen) til Tokke kraftverk. Tilløpstunnelen er planlagt med ei slukeevne på 1,25 m³/s.

Prosjektet er forventa å gje om lag 4 GWh ny kraft pr år, og prosjektet er kostnadsrekna til om lag 14 mill kr.

Statkraft har enno ikkje gjort endeleg investeringsvedtak – fyrst må dei få konsesjon og sjå kva for vilkår som vert gjeve frå NVE si side. Denne høyringsrunden er med på å påverke dei konsesjonsvilkår som utbygginga vil få.

Statkraft omtalar dette som eit O/U-prosjekt (Opprusting og utviding av eksisterande anlegg).

Det søkjast om ei fast minstevassføring på 16 liter vatn/sek heile året. I tillegg kjem eit resttilsig, slik at det alltid vil vera ei viss vassføring i bekken.

I normalsituasjonen bidreg bekken med mellom 0,8 og 1,7 % av vassmengda i Tokkeåi der bekken renn ut. Eit større forskingsprosjekt på levekåra for storaurestamma i Bandak vert snart avslutta, og resultatet er venta i sumar eller tidleg haust.

Tokke JFF vurderar å be om at høyringsfristen blir utsett til etter at dette forskingsprosjektet er ferdig, og viser til at bekken bidreg med oppvarma vatn til Tokkeåi. Like nedanfor der Berglibekken renn ut i Tokkeåi er det eit gytefelt for storaure. Tiltaket fører også til endra vassirkulasjon i Espelidtjønni, som er ein gamal hekkelokalitet for fiskeørn. Oppsittar på Bergli er uroleg for dette kan gje auka attgroing, då vatnet etter utbygginga ikkje i like stor grad vil renne gjennom tjønne. Det er òg registrert verdifulle naturtypar og raudlistearter i lia ned mot Dalen, men desse vert truleg i liten grad påverka av mindre vassføring i bekken.

Eit unntak gjeld fuglen Fossekall som er observert i bekken. Denne kan få livsvilkåra svekka ved ei utbygging og i verste fall oppgje Berglibekken som leveområde.

Tiltaket kan redusere faren for skadeflaum på Huvestad og vegen der. Det er spådd meir intense nedbørsepisodar enn før, og for dei som bur i nærleiken kan det vera ein fordel å få redusert maksimalflaumane i bekken.

Ein 10-årsflaum er berekna til 4,5 m³/s, og vil kunne gje mindre skadar på vegen etter dei vurderingar konsesjonæren har gjort. Etter utbygginga vil 10-årsflaumar ikkje vera eit problem.

Ein 100-årsflaum reduserast frå berekna 7 m³/s til 5,75 m³/s – tilsvarande ein 20-årsflaum.

Arbeidet med revisjon av konsesjonsvilkåra for Tokke/Vinjevassdraget held på. I samband med dette er det sagt i ein rettleiar frå NVE at vilkårsrevisjonar også skal vurdere opprustings- og utvidingstiltak. Tanken er at auka kraftproduksjon gjennom opprustning/utviding slik som dette kan gjere det lettare å innføre minstevassføring andre stader då kraftbalansen ikkje vert svekka.

Utbygginga vil kunne gje i overkant av kr 100 000,- i netto inntekter til Tokke kommune pr år (eigedomsskatt kr 75 000,-, naturressursskatt kr 22 000,- netto og konsesjonsavgift). Brutto inntekt til kommunen er berekna til kr 130 000,-, men delar av naturressursskatten vert utlikna (borte) i inntektssystemet.

Utbygginga vil også styrke næringsgrunnlaget for dei eigedomane som har fallrettane i Berglibekken. Statkraft vil leige fallrettane og betale årleg leige.

Når nye vassdragskonsesjonar vert gjeve vil konsesjonen innehalde såkalla standardvilkår for naturforvaltning.

Desse vilkåra er det gjort nærare greie for i vedlegg 2.

Oppsummering positive sider

- Redusert flaumfare for bustadfeltet og vegen til Huvestad
- Inntekter for kommunen på om lag kr 100 000,- pr år
- Samfunnsøkonomisk verdiskaping på om lag 1,5 mill kr pr år
- Styrking av inntektsgrunnlaget for særleg to gardsbruk/eigedomar i kommunen

Oppsummering negative verknadar:

- Mindre normalvassføring i Berglibekken
- Mogleg auka attgroing i Espelidtjønn
- Mogleg reduksjon eller bortfall av Fossekall i Berglibekken

Tiltaket treng dispensasjon frå arealplanen då det ligg i LNF-område. Det må koma eigen søknad på dette når detaljplanane er lagt.

Løyve etter forureiningslova for byggeprosjektet/anleggsfasen må også gjevast.

Statkraft planlegg med at anleggsarbeidet kan gjerast fyrst i 2018/19 grunna dei lange sakshandsamingstidene på slike saker.

Vidare sakshandsaming etter høyringsrunden:

- NVE inviterer til synfaring (hausten 2014?)
- NVE utarbeider innstilling til OED med konsesjonsvilkår (ev gjev avslag)
- OED sender tilrådinga frå NVE på høyring til kommunen
- OED innstiller på konsesjon med vilkår (ev avslag) til Kongen i statsråd
- Endeleg vedtak av Kongen i statsråd.

Rådmannen si tilråding:

1. Tokke kommune er i utgangspunktet positive til omsøkte prosjekt med å overføre Espelidtjønn til Tokke kraftverk slik det ligg føre med 16 liter/sek fast minstevassføring som konsesjonsvilkår, men har fylgjande krav og merknader til prosjektet og vidare handsaming av søknaden:
 - a. Tokke kraftverk er ein del av Tokke/Vinje-konsesjonane der revisjonssak er opna. Jf retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vasskraftverk så skal ein sjå O/U-prosjekt og vilkårsrevisjonar i samanheng. NVE må såleis sjå dette tiltaket i tilknyting til Tokke/Vinje-konsesjonane og dei krav om mellom anna minstevassføring som der er fremja.
 - b. Tokke kommune legg til grunn at tiltaket vert pålagt standard konsesjonsvilkår for naturforvaltning. Tiltaket kan gje auka attgroing i Espelidtjønni, og det bør inn som konsesjonsvilkår at konsesjonær registrerar graden av attgroing over tid og med jamne mellomrom vurderar ev mottiltak i samarbeid med kommune og grunneigarar – til dømes fysisk fjerning av vassvegetasjon.

2. Tokke kommune tek atterhald om å fremje ytterlegare innspel og krav til konsesjonssøknaden når sluttrapport frå fiskeundersøkingane i Tokkeåi ligg føre.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 17.06.2014

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Tokke kommune er i utgangspunktet positive til omsøkte prosjekt med å overføre Espelidtjønn til Tokke kraftverk slik det ligg føre med 16 liter/sek fast minstevassføring som konsesjonsvilkår, men har fylgjande krav og merknader til prosjektet og vidare handsaming av søknaden:
 - a. Tokke kraftverk er ein del av Tokke/Vinje-konsesjonane der revisjonssak er opna. Jf retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vasskraftverk så skal ein sjå O/U-prosjekt og vilkårsrevisjonar i samanheng. NVE må såleis sjå dette tiltaket i tilknytning til Tokke/Vinje-konsesjonane og dei krav om mellom anna minstevassføring som der er fremja.
 - b. Tokke kommune legg til grunn at tiltaket vert pålagt standard konsesjonsvilkår for naturforvaltning. Tiltaket kan gje auka attgroing i Espelidtjønni, og det bør inn som konsesjonsvilkår at konsesjonær registrerar graden av attgroing over tid og med jamne mellomrom vurderar ev mottiltak i samarbeid med kommune og grunneigarar – til dømes fysisk fjerning av vassvegetasjon.
2. Tokke kommune tek atterhald om å fremje ytterlegare innspel og krav til konsesjonssøknaden når sluttrapport frå fiskeundersøkingane i Tokkeåi ligg føre.